Avtalevilkår for Fitjar kommune sine anskaffingar av varer, tenester og anlegg

1) Majoriteten av timane (meir enn 50 %) innanfor bygg- og anleggsfaga i alle ledd av kontrakten skal utførast av personar med fagbrev eller likeverdig utanlandsk fagutdanning.

   Kommunen kan halde tilbake inntil 1 prosent av det samla vederlaget for kontraktsarbeidet dersom ovannemnde plikter vert misleghalde, eller det er grunn til å tru at slikt misleghald vil inntreffe, og tilhøvet ikkje vert retta innan ein rimeleg frist gjeven ved skriftleg varsel frå Oppdragsgivar. Dersom kravet ikkje er oppfylt ved overtakinga, kan vederlaget avkortast med eit høvesvis prisavslag på inntil 1 prosent av kontraktssummen. Ved vesentleg misleghald av ovannemnde plikter, eller der det er grunn til å tru at slikt misleghald vil inntreffe, kan Oppdragsgivar, med rimeleg varsel, stanse arbeida for Leverandøren si rekning og risiko, eller heve kontrakten. Dersom Oppdragsgivar hever kontrakten med Leverandøren, kan Oppdragsgivar krevje å få tiltransportert til seg Leverandørens kontraktar med underleverandørar.

2) Leverandør skal vere tilknytt ei lærlingordning, og ein eller fleire lærlingar skal delta i arbeidet med å oppfylle kontrakten. Denne plikta gjeld når kontraktens hovudelement omfattar arbeider der det er relevant å nytte arbeidskraft med fag- eller svennebrev. Plikta gjeld ikkje når kravet må reknast som uforholdsmessig etter kontraktens innhald, omfanget av arbeidet der det er relevant å nytta arbeidskraft med fag- eller svennebrev, eller andre høve. Utanlandske leverandørar kan oppfylle kravet ved å nytta lærlingar frå ei lærlingordning i heimlandet. Dersom heimlandet ikkje har ei lærlingordning, kan kravet stettast ved å nytte praksiselev frå ei opplæringsordning i heimlandet.

   Kommunen kan halde tilbake inntil 1 prosent av samla vederlag for kontraktsarbeidet dersom ovannemnde plikter vert misleghaldt, eller det er grunn til å tru at slikt misleghald vil inntreffe, og tilhøvet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gjeven ved skriftleg varsel frå Oppdragsgivar. Dersom kravet ikkje er oppfylt ved overtakinga, kan vederlaget avkortast med eit høvesvis prisavslag på inntil 1 prosent av kontraktssummen. Ved vesentleg misleghald av ovannemnde plikter, eller der det er grunn til å tru at slikt misleghald vil inntreffe, kan Oppdragsgivar, med rimeleg varsel, stanse arbeida for Leverandøren si rekning og risiko, eller heve kontrakten. Dersom Oppdragsgivar hever kontrakten med Leverandøren, kan Oppdragsgivar krevje å få tiltransportert til seg Leverandørens kontraktar med underleverandørar.

3) Ved utføringa av kontraktsarbeidet skal arbeidet som hovudregel utførast av fast tilsette i minst 80 % stilling, uavhengig av om arbeidarar er tilsett hos leverandøren eller eventuelle underleverandørar, inkludert bemanningsføretak. Kommunen kan gjera unntak frå kravet, for eksempel der midlertidig tilsette erstattar fast tilsette som er i svangerskapspermisjon, er sjuke e.l., eller der krav til fast tilsetting er å sjå på som uforholdsmessig.

   Leverandøren skal etter kontraktsinngåinga gjera greie for korleis kravet vil bli oppfylt, samt jamnleg sende bemanningsplanar og rapportar som viser oppfyllingsgrad. Ved kontraktsavslutning skal det leggjast føre oversikt over bemanninga og oppfyllingsgrad. Timelister skal leggjast føre på førespurnad.

Alle avtalar leverandøren inngår med underleverandørar i samband med utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.

Kommunen kan halde tilbake inntil 1 prosent av samla vederlag for kontraktsarbeidet dersom ovannemnde plikter vert misleghaldt, eller det er grunn til å tru at slikt misleghald vil inntreffe, og tilhøvet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gjeven ved skriftleg varsel frå Oppdragsgivar. Dersom kravet ikkje er oppfylt ved overtakinga, kan vederlaget avkortast med eit høvesvis prisavslag på inntil 1 prosent av kontraktssummen. Ved vesentleg misleghald av ovannemnde plikter, eller der det er grunn til å tru at slikt misleghald vil inntreffe, kan Oppdragsgivar, med rimeleg varsel, stanse arbeida for Leverandøren si rekning og risiko, eller heve kontrakten. Dersom Oppdragsgivar hever kontrakten med Leverandøren, kan Oppdragsgivar krevje å få tiltransportert til seg Leverandørens kontraktar med underleverandørar.

4) Tilsette hos leverandørar og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, skal ha løns- og arbeidsvilkår i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar § 5.

   Leverandøren pliktar på førespurnad å dokumentere løns- og arbeidsvilkår for eigne arbeidstakarar og arbeidstakarar hos eventuelle underleverandørar (herunder innleigde). Dette gjeld berre for arbeidstakarar som direkte medverkar på kontrakten. Opplysningane skal dokumenterast ved blant anna kopi av arbeidsavtale, lønnsslipp, timelister og arbeidsgjevars bankutskrift. Dokumentasjonen skal vera på personnivå og det skal gå fram kven den gjeld. Ved brot på krava til løns- og arbeidsvilkår skal leverandøren rette tilhøvet. Der brotet har skjedd hos ein underleverandør (herunder bemanningsselskap) er rettingsplikta avgrensa til krav som er fremja skriftleg innan tre månader etter lønna sin forfallsdato, både for krav som følgjer av allmenngjort tariffavtale og landsomfattande tariffavtale. Dei vilkår og avgrensingar som følgjer av lov om allmenngjøring av tariffavtaler m.v. av 4. juni 1993 § 13 skal gjelde i begge desse tilfella.

   Byggherren har rett til å halde tilbake et beløp tilsvarande ca. to gonger innsparinga for arbeidsgjevaren. Tilbakehaldsretten opphøyrer så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert. Vesentleg misleghald av løns- og arbeidsvilkår hos leverandøren kan påberopast av byggherren som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren rettar forholda. Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet (herunder bemanningsselskap), kan byggherren på same måte krevje at leverandøren skiftar ut underleverandørar. Dette skal skje utan kostnader for byggherren. Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.

5) Leverandørane kan ha maksimalt to ledd i leverandørkjeda under seg når leverandøren skal utføre bygge- og anleggsarbeidar eller reinhaldstenester som er omfatta av CPV-kode 90910000 (reingjering).

   Oppdragsgjevaren kan godta fleire ledd i leverandørkjeda dersom det er naudsynt for å sikre tilstrekkeleg konkurranse. Det maksimale talet ledd oppdragsgjevaren kan godta, skal angis i anskaffelsesdokumenta. Etter at kontrakt er inngått, kan oppdragsgjevaren godta fleire ledd dersom det på grunn av uforutsette omstende er naudsynt for å få gjennomført kontrakten.

Leverandøren sin bruk av underleverandørar, herunder innleigd arbeidskraft, skal skriftleg førehandsgodkjennast av oppdragsgjevar. Oppdragsgjevar kan berre nekte bruk der han har sakleg grunn. Det same gjeld for utskifting av underleverandørar i kontraktsperioden. Oppdragsgjevars godkjenning endrar ikkje leverandøren sine forpliktingar overfor Oppdragsgivar.

Ved inngåing av kontraktar med underleverandør skal Leverandøren henta inn skatteattest. Frå underleverandørar med forretningsadresse i andre EØS-land enn Norge, skal det hentas inn tilsvarande attest. Leverandøren skal på førespurnad frå Oppdragsgivar leggja føre skatteattesten.

Leverandøren skal til eikvar tid kunne dokumentere at underleverandørar oppfyller kontraktens vilkår, herunder at dei har oppfylt sine forpliktingar overfor skattemyndighetene. Ovannemnde attestar for skatt- og meirverdiavgift skal til eikvar tid finnast på byggeplassen. Attestane skal ikkje vera eldre enn seks månader gamle.

Dersom attesten ikkje vert lagt fram eller viser restansar som ikkje er ubetydelege, kan Oppdragsgivar krevje at underleverandøren skiftast ut for Leverandøren si rekning og risiko dersom tilhøvet ikkje rettast innan ein rimeleg frist, gjeven ved skriftleg varsel.

Oppdragsgjevar kan halde tilbake inntil 1 prosent av samla vederlag for kontraktsarbeidet dersom ovannemnde plikter vert misleghaldt, eller det er grunn til å tru at slikt misleghald vil inntreffe, og tilhøvet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gjeven ved skriftleg varsel frå Oppdragsgivar. Dersom kravet ikkje er oppfylt ved overtakinga, kan vederlaget avkortast med et høvesvis prisavslag på inntil 1 prosent av kontraktssummen.

Ved vesentleg misleghald av ovannemnde plikter, eller der det er grunn til å tru at slikt misleghald vil inntreffe, kan Oppdragsgivar, med rimeleg varsel, stanse arbeida for Leverandøren si rekning og risiko, eller heve kontrakten. Dersom Oppdragsgivar hever kontrakten med Leverandøren, kan Oppdragsgivar krevje å få tiltransportert til seg Leverandørens kontraktar med underleverandører.

Alle avtalar Leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.

6) Byggherren kan krevja dagmulkt dersom tilbydar sjølv eller nokon av hans kontraktsmedhjelparar bruker ulovleg eller ikkje kontraktsmessig arbeidskraft, og tilhøvet ikkje er blitt retta opp innan ein frist gjeven ved skriftleg varsel frå kommunen.

7) Regelverket ovanfor trer i kraft ved kontraktar med verdi over MNOK 1,3 eks mva anslått kontraktsverdi.
   På bakgrunn av omfanget av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i byggfaga oppmodar Fitjar kommunestyre til fagorganisering og oppretting av tariffavtalar.